

Til:

Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda

04.09.2014

postmottak@volda.kommune.no

Merknad ved 2. gong offentleg ettersyn for Kommunedelplan E39 Volda-Furene

Frå: Regionale og lokale nærings- og bransjeorganisasjonar (Maritim Forening for Søre Sunnmøre, Ørsta Næringskontor, Stryn Næringsssamskipnad, Volda Næringsforum)

Vi vil understreke at Voldatunnelen må planleggast i eit langsiktig perspektiv og for den E39-funksjon den skal ha. Sjølv om prosjektet er berekna å ha negativ netto nytte må ikkje omsynet til å prioritere løysingar som gir minst tap gå føre framtidretta løysingar. Differansen i den negative netto nytta er lita og kan gjerast mindre ved å ta bort fyllingar og bru i Furene.

I planomtale med konsekvensutgreiing og ROS-analyse er berekningane basert på trafikkfall framskrivne til 2032. Etter Hagenutvalet si tilråding i NOU 2012:16 og Stortinget si handsaming av Nasjonal Transportplan 2014-2023 er det lagt til grunn å nytte ein analyseperiode på 40 år. Dette tidsperspektivet må også Statens vegvesen og Volda kommune legg til grunn for E39 Volda-Furene.

Det må også sikrast areal/korridor for forventta nye ÅDT-krav for 2-løps tunnel og den trafikkauken som vi ser alt i dag.

Å lede E39-trafikken inn i Volda sentrum sin interntrafikk i rundkøyringa ved Vikebygdvegen/sjukehuskrysset synest å vere lite framtidretta. Anten må rundkøyringa etablerast som 2-plans løysing eller utanom lokaltrafikken t.d. etter alt. B.


Grunna fråvik i høve vegnormal og trafikktryggleik vart A-alternativet med 2-plan ikkje tilrådd i konsekvensutgreiinga. At alternativ B har ein 150 meter lengre betongtunnel må ikkje hindre ei framtidretta E39-løysing dersom A-alternativet med 2-plan ikkje kan godkjennast. Det må avklarast om rundkøyring i 2-plan ved sjukehuskrysset kan godkjennast før politisk handsaming.

Også for mjuke trafikantar synest den tilrådde løysinga med berre 1 planskilt gangkryssing i den 4-arma rundkøyringa å vere svært lite tilfredstillande. Å ha 3 armar med blanding av mjuk og hard trafikk er uakseptabelt med den auke i trafikk som kan ventast både på E39 og ved utbygging langs Vikebygdvegen.

Gang- sykkelveg:

Planomtalen 2.1.6 påpeiker at: «*Det er spesielt viktig korleis tunnelinnslag ved Volda sentrum påverkar mulighetene for tilrettelegging for sykkel.*»

Å etablere eit gang-sykkelvegnett mellom Volda sentrum og Furene/Ørsta gjennom Voldatunnelen synest vere svært attraktivt, og må takast stilling til i samband med denne kommunedelplanen.



Handbok N500 om vegtunnelar slår fast at tilbod for gang- og sykkeltrafikk skal avklarast i overordna plan. Det er spesielle krav til belysning og ventilasjon. Dersom tunnelen er over 4 km ligg godkjenninga til Vegdirektoratet, men tunnelengda her er om lag 3300 meter.

Tunnelprofil 12,5 gir rom for gang- og sykkelveg og to køyrebaner i tunnelklasse B med betongrekkverk mellom køyrebana og gang-sykkelvegen.

Figur 4.21 frå Håndbok N500: Gang- og sykkelveg i tofelts tunnel, tunnelklasse B og tunnelprofil T12,5 (mål i m).

Furene:

I konsekvensutgreiinga (KU) av 20.12.2011 vart det grunna usikkerheit knytt til effekt av avbøtande tiltak og føre-var-prinsippet tilrådd å søkje andre løysingar for etablering av Torvmyrvegen. Ein konstaterer at Torvmyrvegen er teken ut av planforslaget og har ikkje merknad til det. Som konsekvens av at Torvmyrvegen vert teken ut av planforslaget bør også bru og fyllingar takast ut og E39 leggjast langs bakken mellom tunnelen og rundkøyringa i Furene.

Torvmyrvegen:

Ei ny alternativ løysing for Torvmyrvegen som vil tilfredstille omsyn til god flyt til/frå flyplass også for kollektivtransport. Utrykking til/frå Hovden og tilgang/samanbinding til næringsareala i Furene og Hovden kan etablerast gjennom ei ny løysing berre i Ørsta kommune. Eit muleg løysingsforslag kan vere vedlagde skisse (sjå side 3). Dette vil bevare hjortetrekke utan ny barriere og med langt betre løysingar for ledegjerde enn slik det er tenkt i dette høyringsforslaget.

Før godkjenning av plan:

Ein ber om at kart og planomtaler vert oppdatert med rette vegnummer før slutthandsaming av plan.

Gjennomføring av plan:

Regjeringa Solberg har gjort konseptval for E39 Skei-Valsøya. Kommunestyra i Volda og Ørsta har vedteke at ein skal sjå gjennomføring av Voldatunnelen og Ørstafjordkryssinga i samanheng. Det sluttar vi oss til då det er viktig at E39 snarast også vert lagt utanom Ørsta sentrum.

Maritim Forening for Søre Sunnmøre

.....

Terje R. Høybakk (sign)

Stryn Næringsssamskipnad

.....

Anita Vinsrygg (sign)

Volda Næringsforum

.....

Stefan N. Halck (sign)

Ørsta Næringskontor

.....

Odd Magne Vinjevoll (sign)

Skisse, Torvmyrvegen:

